

NORHEIMSUND OPEN 2024

Hardanger BTK har gleden av å invitera til Norheimsund Open 2024. Stemnet vert arrangert i Norheimsund idrettshall laurdag 17. februar. Me vil truleg også ha eit par bord i amfisalen på Norheimsund skule – som ligg i det same bygget.

Stemnet er underlagt NBTF sitt konkurransereglement og NIF sine dopingbestemmelsar. Stemnetiaren ligg inne i startkontingenten. Det vert puljespel i alle klassar bortsett frå dobbelklassane.

Hallen opnar kl. 09.30.

Bolk 1 Kl. 10.30 (NB. Det kan bli endringar i tidsskjema. Dette gjeld ikkje stemnestart)

Herrar/damer dobbel	kr 160,-
Gutar/jenter dobbel	kr 120,-
Gutar/jenter nybyrjar	kr 100,-

Bolk 2 kl. 11.30- 12.30

Golden Girls og Golden Boys	kr 160,-
Herrar B	kr 160,-
Herrar D	kr 160,-
Herrar F	kr 160,-
Herrar/damer veteran	kr 160,-
Herrar/damer junior	kr 130,-
Gutar/jenter 13 år	kr 100,-

Bolk 3 kl. 15.00-16.00

Herrar/damer open	kr 160,-
Para open	kr 160,-
Herrar C	kr 160,-
Herrar E	kr 160,-
Gutar/jenter 15 år	kr 100,-
Gutar/jenter 11 år	kr 100,-

Det vil bli egne jente/dameklassar dersom det vert minst fire deltakarar i nybyrjar, 11, 13, 15, junior, open og veteran.

Nybyrjarane kan verta delte inn i ulike klassar etter alder ved stor deltaking. Oppgje alder på spelarane ved påmelding. Det vert både A- og B-sluttspel for nybyrjarane.

Golden Girls og Golden Boys er for spelarar som ikkje er aktive i konkurransar.

Spelarar kan melde seg på i **ein klasse pr bolk. NB. Nybyrjarar kan ikkje delta i bolk 2.**

Det vert spela best av 5 sett i alle klassar. Tapar må døma ein kamp etterpå.

Alle som er fødd i 2011 eller tidlegare må ha betalt lisens til NBTF. Gjeld ikkje Golden Girls, Golden Boys og nybyrjarar.

Klassar med mindre enn fire deltakarar kan bli strokne.

Påmelding:	Seinast 09. februar til jack@hbtk.no
Startkontingent:	Me sender ut giro på startkontingent etter stemnet
Turneringsleiing:	Jack Feng, Jan Visser, Håvard Markhus
Overdommar:	Jack Feng
Trekning:	Trekninga vert offentleggjort i hallen før start.
Seeding:	Klubb- og styrkeseeding etter NBTF sitt reglement.
Bord:	Stiga og Joola
Ballar:	Stiga
Mat:	Det vert kiosksal i hallen.
Info:	Ta kontakt med Jack Feng (jack@hbtk.no , 96859349)

NB! For at alle våre medlemer skal kunna vera med , håpar me alle kan unngå bruk av alle typar parfymerte produkt.

VELKOMEN TIL NORHEIMSUND!

